



Programmet for årets 17. mai skulle no ha vore ute i sal, men grunna vansker med nettet har ikkje det vore mogeleg, imidlertid vert det trykt og gjort klart før helga. Det vert seld i SPAR, Lises brukforretning og Gros blomster

Ellers får vi opplyst at det heller ikkje i år blir musikk i folketoget, men truleg ein tambur, som slår trommer i marsjtakt.

Dei endringar som er gjort og som betyr at meir skjer på skuleplassen/Aktivitetssenteret har fått ei positiv mottaking. Her er nokre hovudknaggar i programmet:

11.15: Gudsteneste ved sokneprest Kristian Due, Røysterett for alle

12.15: Minnemarkering ved Bautasteinen. Gausviks dikt. Musikklaget og skulemusikken

12.30: Folketog via Stemneplassen, via Dønhaug til skulen

12.45: Minnemarkering på Stemneplassen. Musikklaget.

14.00: Leikar på skuleplassen. Mat og drikke i Aktivitetshuset, familiequiz

15.30: Festprogram på skuleplassen/Aktivitetshuset.. Røysterett for alle, tale for dagen ved Bjarte Døssland, musikklaget.

19.30: Fest på Bedehuset

Biletet: Toget i 2010 (Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)